


Lage naboliste frå Ålesund kommune sine kartløyisingar

Du kan lage nabolister frå begge kartløyisingane til kommunen, «**Webinnsyn**» og «**GeoInnsyn**». Denne rettleiinga tek for seg Webinnsyn.


Logg inn med MinID (Logg inn finn du oppe til høgre på webkartet:




MERK: Ein kan berre lage nabolister for dei eigedomane ein står som eigar av.

Søk fram aktuell eigedom/adresse (evt. klikk i eigedomen på kartet).

Trykk på lenka for [Naboliste](#).





Lista som blir laga blir vist i venstre del av skjermbiletet.

Ønsker ein å «plukke med» fleire eigedomar (til dømes dei på motsatt side av ein veg) klikker ein på ønska eigedomar i kartet. Desse blir då med i lista.

Dersom ein vil ta vekk eigedomar frå lista trykker man på **X** bak den aktuell eigedomen. Desse vil då bli tatt vekk frå lista.

For å skrive ut trykker ein på lenka [Utskrift](#) og lista vil bli generert i eit nytt vindauge.

Lista kan lagrast ved å trykke på lenka [Lagre](#). Lista vil bli lagra i et semikolonseparert filformat (*.csv). Ei slik fil kan til dømes opnast i Microsoft Excel.

Under lenka [Utvalg](#) kan man gjere meir «avanserte» utvalg:

- Inngje aktuelle eigedomar (Gnr/Bnr/Fnr/Snr) og trykk **Legg til**.
- Ved valet **Velg med polygon** foretek ein eit utval ved å teikne eit polygon med klikk i kart (dobbelklikk til slutt). Eigedomar innanfor polygonet blir då tatt med i lista.
- Ved valet **Velg med trasé** foretek ein eit utval ved å teike ei linje med klikk i kart (dobbelklikk til slutt). Eigedomar som berører linja (og evt. innanfor oppgjeven breidde av linja) blir da tatt med i lista.
- Med **Velg med objekt** vil klikk på eigedomar i kartet bli tatt med i lista.

Valet **Tøm** tømmer lista over eigedomar.

Valet **Lukk** let att «informasjonsvinduet».